

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Referanse**  
2014/11439-1

**Dato**  
06.02.2014

## **Infotavler ved vegstenging - Svar på oversendingsforslag**

På møte i samferdselsutvalet 21.08.13 stilte representanten Einar Lutro (H) spørsmål om kven som har ansvaret for å informera om omkøyringsvegar – på bakgrunn av nokre uheldige episodar, då det for ei tid sidan var redusert ferjedrift i sambanda Kinsarvik-Utne og Bruravik-Brimnes. Kva instruksjonar gjev SVV entreprenørane i slike tilfelle ?

I samband med spørsmålet frå Einar Lutro viste også representanten Gustav Bahus (Frp) til at det i den siste tida hadde vore ein del manglande skilting og informasjon om moglege omkøyringsvegar, mellom anna i Hardanger.

Samferdselsavdelinga sendte i brev av 31.10.13 spørsmåla om informasjonsskilt over til vidare handsaming i Statens vegvesen. Statens vegvesen svarte på spørsmålet i brev av 03.01.14 (sjå vedlegg).

Fylkesrådmannen viser til brevet frå Statens vegvesen, og har elles ikkje nokon merknader.